



**NJFF**  
Sogn og Fjordane

## Referat styremøte i NJFF - Sogn og Fjordane

**Stad:** Circle K, Skei

**Innkallinga går til:** A. Røyrvik, H. Haugholt, I. L. Sunde, B. Seim, Morten Jacobsen, Marte B. Hansen, T. Eimhjellen, V. Moen, F. Ølmheim og R. Seim.

**Møtte:** A. Røyrvik, B. Seim, I. L. Sunde, F. Ølmheim,

**Møtte via Teams;** H. Haugholt, Vidar Moen, Morten Jacobsen, M. Bergum Hansen

### Sakliste:

**70/21 Godkjenning av ref. frå siste styremøte**

**Vedtak:** referat godkjennast

**71/21 Referatsaker**

Reidun:

19.08, teams, møte adm og FS

20.08, Førde, møte podcast

09.09, teams, møte adm og FS

Alf Erik:

09-10.09, Jobbintervju FNF

Brede:

07.09, Møte i Jaktutvalet

**72/21 Kontakt med lokallaga**

Ingen vidare kontakt med lokallaga.

**73/21 Teams møte med lokallaga 20.09.21**

På møtet setter vi opp følgende agenda;

- Planlegging 2022, har lokal laga lagt seg ein plan.  
(Frist frifond, jakt- og fiskeskular, jaktsskyttarskule er 1. nov). **Sjå vedlegg 1**
- Minne på at 08. November er planlegging for NJFF S&F og det ikkje blir møte med lokallaga. Lokallaga kan komme med innspel på kva ein meina me skal jobbe med.
- Fagdag 05.februar – innspel på fag, agenda – ønske?
- Informere om jakttidshøyringa og innspel frå Fylkeslaget
- Informere kort om nye våpenloven.
- Aktivitetshefte frå NJFF S&F – er dette noko ein les? Skal vi sende ut for 2022?

Henning, Alf Erik, Ingun og Reidun tar en kjapp gjennomgang i forkant av møtet for gjennomgang av agenda.

Reidun setter opp teamsmøte.

## **74/21 Landsmøteforebuing**

### **Vedtak:**

01.11.21 bli satt opp til kort styremøte og delegat møte etter dette. Inviterer Jan Henning Øyehaug til delegat møte.

Alle melder seg på sjølve til Landsmøtet.

Fram leggje saker på LM:

- Barne og ungdomsarbeid, Bjarne Huseklepp.
- Fellefangst, Torgeir Eimhjellen.
- Seljakt, gruppa for Seljakt legg fram denne saka sjølve. Finner intert i gruppa kven som legg fram saka.

5min til å legge fram saka (innleiar). 3 min og 2min taletid andre gang. Ein kan ta med egne minnepenn for saka si, denne leveras til Espen Farstad i god tid før møtet.

Reidun lagar til eit forslag på kle/same type for delegatane. Sender ut eit forslag på dette. T-skjorte og genser/jakke.

## **75/21 Jakt- og fiskehelg 2022**

- Fagdag ettersøk og fagdag fisk på Laurdag 05.02.22.
- Joar Søhol med foredrag før middag Laurdag.
- Middag
- Tillitsvalkurs for fylkeslaget på søndag 06.02.22

Thon Hotell Skei

Program blir utarbeida av ettersøks utvalet (Ann-Kristin), jaktutvalet (Brede) og fiskeutvalet (Jan Henning). Base line Laurdag kl1000-1500 + foredrag Joar Søhol.

Inkludere Jakt og Fiskefilmen.

Utval/ Tillitsvalkurs søndag kl1000-1300.

## **76/21 Kurs tillitsvalde**

Som nemnt i sak 75/21

## **77/21 Aktiviteter og arrangement 2022**

Aktivitets hefte blir laga for 2022, men blir tatt opp på møtet med lokallaga for å lodde stemninga for dette.

## **78/21 Fråsegn jakttidshøyring**

### **Vedtak:**

Brede syr saman begge våre dokument som eit felles dokument og sender inn.

## **79/21 Reglar for tilbakebetaling av deltakaravgift ved avbud**

### **Vedtak:**

Tilbakebetaling av deltakaravgift

Avmelding innan påmeldingsfrist: Full refusjon utenom eit gebyr på 60,-


Avmelding etter påmeldingsfristen fram til 48 timer før kursstart: 50% refusjon

Avmelding innan 48 timer før kursstart: ingen refusjon.

Avmelding med legeerklæring: full refusjon minus gebyr på 60.

Ved avlyst arrangement får deltakar full refusjon.

Reidun oppdaterer reglar for dette.



## 80/21 Planlagte aktiviteter

Aurefiske for jenter Aurland 3-5. sept – Heidi

- 6stk påmeldte.

Hjortejakt for jenter 11-12. sept – Wenche

- Ingen påmeldte, blei avlyst.

Småviltjakt for jenter 1-3. okt, - Heidi

- Ingen påmeldte foreløpig

Småviltjakt for ungdom 2. okt, - Geir Ove

- Ingen påmeldte foreløpig

## 81/21 Ymse

- Alf Erik – Snakke med Firda tidene om 150-års jubileet.

Ide:

Innlegg i julenummer Firda tidene. Kva vi betyr for lokalmiljøet. Lågterskeltilbud på fiske for barn og ungdom. Leiren på Nesholmen og kass betydning denne har hatt for unge, inngangsportal til friluftaktivitetar. Jakt og fisketebod. Oppskyting og trening. Frode Ølmheim teke kontakt med dei andre lokalavisene for å høre om dei vil skrive same sak.

- Vidar Moen

Kurs i forvaltning i innlandsfiske. Er dette noko ein kunne laga for 2022? Fiskeutvalet kan sjå på mulighetene for dette. Prøvefiske, lese vatn, tiltak i innlandsvatn, kultivering. Vidar kontaktar Flå for å kartlegge kven me har i kretsen for dette or korleis eit slik kurs kunne blitt gjennomført. Torbjørn Toft – kultivering av ferskvatn. Kanskje dette kan være ein del av fagdagen 05.02.22

## Vedlegg 1.

